Statens vegvesen

MAGNAR EIKANGER
MYKINGVEGEN 97
5913 EIKANGERVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 17/187669-4 | | 15.12.2017 |

# Løyve - Avkøyrsle - Fv. 397 - Gnr. 212 bnr. 25 og 39 - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 27.10.2017.

**Vedtak:**
Med heimel i veglova §§ 40 – 43 har vi fatta følgjande vedtak:

Det vert med dette gjeve bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på følgjande vilkår:

Veg /stad : fv. 397 hp 1 km 1,123 / gnr. 212 bnr. 25 og bnr. 39 i Lindås kommune.

**Vilkår for løyvet:**

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnd ovanfor, og i samsvar med situasjonsplan mottatt 25.10.2017.

2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkøyrsle til følgjande føremål: Tilkomst til gnr. 212 bnr. 25 (ei bueining) og gnr. 212 bnr. 39 (fritidsbustad).

3. Krav til frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrsbana. Det skal ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen.

4. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.

5. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Parkering i frisiktsonene er ikkje tillete.

6. Arbeidet må vere starta opp innan tre år, elles fell løyvet bort.

7. Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

**Bakgrunn for løyvet**:

Søknaden gjeld flytting av løyver frå ei avkøyrsle til ein anna, samt etablere samband mellom desse. Føremålet er å sleppe gjennomkøyring på tunet til gnr. 212 bnr. 1 i Lindås kommune.

Statens vegvesen var på synfaring og kontrollerte avkøyrsla. Vi vurderer at den tilfredsstiller våre krav til utforming og sikt, slik at vi kan godkjenne denne for fleire løyver utan vidare utbetring av avkøyrsla.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at krava til utforming av avkøyrsla (vedlagt) til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

I utgangspunktet var det også søkt om avkøyrsleløyve for to ubygde tomter, bnr. 28 og bnr. 29. I samråd med søkjer er desse tatt ut av denne søknaden.




**Situasjonskart: Eksisterande og ny avkøyrsle frå fv. 397.**

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen

Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger, eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
BERIT JOHANNE EIKANGER, BILDØYVEGEN 11 B, 5353 STRAUME
KJELL INGE STOKKEN HAUGE, MYKINGVEGEN 99, 5913 EIKANGERVÅG
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

**Vedlegg**

Veglova § 40 og §43

Krav til utforming av avkøyrsle

# KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

Revidert
02/2017

## PLANSKISSE AV AVKØYRSLE




## LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE




## SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE




## MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

